



Ingrid Danielsen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/2983 - 15/36246

Saksbehandlar:

Arne Johannes Riisnes

Arne.Risnes@lindas.kommune.no

Dato:

27.11.2015

Møtebok frå SU 25.11.15

Desse møtte:

FAU: Eli Aakre, Malin Møvik (for Karoline Romarheim),

Andre tilsette: Solfrid Hindenes

Elevrådet: Hanna Gundhus, Marius H.Hindenes, Ola Hindenes

Lærarane: Ingrid Danielsen, Øystein Ånensen (for Laila Hindenes)

Lindås Kommune: Nina S. Øvreås

Rektor: Arne Riisnes

Forfall: Eli - Anne Fauske

Sak 01 / 2015 - 16: Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Godkjende utan merknader

Sak 02 / 2015 - 16 : Konstituering av SU / SMU

Samarbeidsutvalet / skulemiljøutvalet konstituerte seg slik:

Leiar: Hanna Gundhus

Nestleiar: Marius Hellan Hindenes

Skrivar: Laila Hindenes

Kasserar: Solfrid Hindenes

Medlemmer: Ola Hindenes, Eli - Anne Fauske, Nina Stabel Øvreås,
Ingrid Danielsen, Eli Aakre

Medlem i utearealsgruppa: Karoline Romarheim - vara: Malin Møvik

Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311

Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Sak 03/ 2015 - 16: Skuleruta 2016 - 17

SU/SMU fekk seg førelagd framlegget til skulerute for skuleåret 2016 - 17. SU/ SMU er nøgd med at ruta er til bake i rute med vinterferie og påskeferie kvar for seg.

Vedtak: Skuleruta er godkjend utan andre merknader.

Sak 04 / 2015 16: Gudstenester i skuletida

På skulen si heimeside er det orientert om skriv frå UDIR om gudstenester i skuletida. Rektor la fram framlegg til orienterings- og påmeldingsskriv med utgangspunkt i føringar frå UDIR. Skulen har kapasitet til å gjennomføre to tilbod: Skulegudsteneste i kyrkja og likeverdige alternativt opplegg på biblioteket. Foreldre og elev vel, men elevar over 15 år har rett til å velje sjølv mellom alternativa. Skulen vil syte for at påmeldinga vert gjennomført så diskret som råd er. Skrivet som går heim vil bli justert før utsending.

Vedtak: SU/ SMU tek skrivet og orienteringa til etterretning og er samd med skulen om behovet for at ein er diskret i påmeldinga og er glade for at skulen sine tradisjonar er i tråd med det som no vert lansert.

Sak 05 / 2015 - 16: Skulemiljøsaker

Foreldra, elevane og skulen har ein god del miljø - og trivselskapande tiltak. Skulefrukost, musikal, nyttårsfest, MOT - til - å glede - dag og mange andre mindre tiltak.

SU/ SMU meiner at elevane kan vere ute i friminutta så sant veret er nokolunde lagleg. Elevrådet vert invitert til å ta opp og ta stilling i saka som ei tilråding. Behovet for å vere ute i løpet av skuledagen er jamt til stades. Elevane treng å friske seg.

SU/ SMU meiner at mobilforbodet er i ferd med å gli ut. Elevane etterlyser ei strengare praktisering av reglane slik at det vert likebehandling og ber lærarane gjennomføre dette. Elevrådet tek opp saka og kjem med si tilråding.

Alle skular skal ha beredskapsplanar. Det har Ostereidet ungdomsskule også. Det er gjennomført ROS - analyse. Skulen har så langt ingen ferdig beredskapsplan for terror og katastrofar, men samarbeider med politiet for å

utvikle denne og vil følgje instruksar for tenlege tiltak. Rektor tek saka opp med overordna før tiltak vert sett i verk.

Uteaktivitetar er generelt ein miljøskapar. SU/SMU ber elevrådet kome med framlegg til konstruktive tiltak.

Vedtak: SU/SMU ber rektor iverksetje tiltaka i organisasjonen og ber om rapport på neste møte.

Sak 06 - 2015 - 16: Orienteringssaker

1. Teieplikt

Alle som deltek i skulen sine råd og utval har teieplikt i forhold til informasjon og opplysningar dei får kjennskap til. Dette gjeld både elevar og vaksne.

2. UiU: Ungdomssteget i Utvikling

Skulen er med i eit 1.5 årig skulebasert etterutdanningsprogram og har då studert og arbeidd med klasseleiing. Samtlege lærarar har delteke.

3. Idrettsbygget

Idrettsbygget får nytt golv. I tida fram til jul får gymsalen nytt golv. Det gamle er fjerna, betong er langt ut og nytt sportsgolv vert lagd. Arbeidet er planlagd ferdig til jul.

4. Musikal

Elevane i 10.kl. arbeider med musikal Dette året vert HAIR sett opp. Framsyninga vert i januar (13. og 14.01.)

5. Elevundersøkinga

UDIR si elevundersøking vert gjennomført i veke 50. Resultat er venta i februar. Saka kjem opp i SU/SMU

6. Temakveldar

FAU vil skipe til to temakveldar. Som det er skrive på heimesida, vart temakvelden i november om flyktningar utsett av svikt på programsida. Elevane får avspasere desse kveldane 21.12.

7. Prosedyresaker

Skulen arbeider med å lage prosedyrar og retningslinjer for samarbeidet med andre kommunale tenester. I dette arbeidet vert også skulen sine rutinar på andre felt gjennomgått og oppdatert.

8. Siste veka før jul

Skulen sluttar 18.12. fordi måndag 21.12. vert avspasert i høve til to kveldsarrangement våren 2016. Skulegudstenenesta og den parallelle julesamlinga vert skipa til 17.12. FAU tek mål av seg til å servere julefrukost

18.12. Skulen har elles laga program for alle dagane i den siste veka før jul med vekt på fag og lagbygging.

9. Utearealsgruppa:

Solfriid orienterte kort om gruppa si verksemd og kva gruppa har fått til dei siste åra. Gruppa har medlemmer frå alle råd og utval i skulen og lokale samarbeidspartar.

Karoline Romarheim vert SU / SMU sin representant i gruppa.

Det vart i møtet etterlyst sterkare engasjement for å få til utbygging og tiltak og meir initiativ andsynes kommunen. Kvifor får vi til så lite her? Gjekk igjen i kommentarane. Det fordrar både engasjement og semje samt konkrete planar.

Vedtak: SU / SMU tek orienteringa til etterretning og ber om rapport på framdrift og tiltak innan dei ulike punkta.

Sak 07 / 2015 - 16: Årshjul

Vedtak: Årshjulet ligg ved.

Årsplan for Samarbeidsutvalet/ skulemiljøutvalet Ost U 2015- 16

tid	tiltak	ansvar	frist
August			
September			
Oktober			
November	Møte i SU / SMU	Skulen kallar inn	17.nov.
Desember	Skulefrukost 18. desember	FAU og skulen	30.sept.
Januar	Musikal 13. og 14. januar Nyttårsfest 30.januar	Skulen / elevane Elevane i 10.kl med foreldre og skulen	30.sept.
Februar	Møte i SU/ SMU Kveldsarrangement Flyktningar	Skulen kallar inn FAU og skulen	Primo februar Medio februar
Mars	Kveldsarrangement MOT og psykisk helse	FAU, MOT og skulen	Medio mars
April	Møte i SU/ SMU	Skulen kallar inn	
Mai	Mogleg møte SU / SMU Årsevaluering planar neste skuleåret.	Skulen kallar inn	
juni			

Med helsing

Arne Johannes Riisnes
rektor

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakrar:

Ingrid Danielsen
Laila Hindenes
Solfrid Marie Hindenes
Eli-Anne Fauske
Karoiline Romarheim
Hanna F. Gundhus
Marius H. Hindenes
Nina Stabell Øvreås
Arne Riisnes
Øystein Ånensen
Lisbeth B. Solen
Grethe Karin Titland
Jorunn Gundhus
Malin Haugland Kjenes
Rikke C. Haugland
Ola F. Hindenes
Simen Fammestad
Hilde Kvingedal
Eli Angelskår Aakre